

Nordal og Tverberg grunneigarlag  
v/ leiar Børre Tverberg  
Norddalsvegen 576  
6140 Syvde

Energidepartementet  
v/ NVE  
[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Syvde, 7.5.2026

## **Klage på NVS sitt vedtak i sak 201907463-98 Revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Åmelavassdraget**

Vi klagar på vedtaket som gjeld konsesjonsvilkåra for Norddalsvassdraget. Vi held fast på kravet om minstevassføring frå Kvanndalsvatn nord.

Klagen vår er sendt i dag, 7.5.2026, og er såleis levert innan klagefristen.

Argumenta våre for å kreve minstevassføring er sendt inn tidlegare i brev av 7.4.2020 (vedlegg 1) og her vert det vist til rapport frå NVE datert 7.10.2019 (vedlegg 2).

Etter OED sine retningsliner for vilkårsrevisjon er høvet til å rette opp miljøskader som har oppstått etter utbygginga eit hovedføremål med vilkårsrevideringa. Utbygginga frå tidleg 1970-tal med neddemming av Kvanndalsvatn nord har ført til betydelege miljøskader i strekninga Kvanndalsvatnet nord til inntak Bruelva kraftverk. Dette på grunn av redusert/manglande vassgjennomstrøyming i strekninga. Desse tilhøva er skildra i vedlegg 1 og vedlegg 2. NVE har i vurderinga si om minstevassføring kontra miljøforbetringar lagt hovedtyngden på omsynet til anadrom fisk. Dei skriv på side 23 : « Begrunnelsen for kravene om å slippe minstevassføring i Norddalsvassdraget knytter seg i hovudsak til å betre kravene for anadrom fisk». Dette er ikkje korrekt! Anadrom fisk er berre relevant i nedre del av vassdraget.

Kravet vårt er knytta til miljøydeleggingar i øvre del av vassdraget pga manglande vassgjennomstrøyming. Dette er ikkje grundig vurdert av NVE, dei tek heller ikkje omsyn til sin eigen rapport frå 2019 (vedlegg 2). Vedtaket om å ikkje innføre minstevassføring er såleis teke på svært sviktande grunnlag.

NVE har berekna eit krafttap på 2,2 GWh/år ved innføring av minstevassføring (Q95) frå Kvanndalsvatn nord, og ein kostnad på 6,3 mill. for å etablere minstevassføringa. Dette meiner vi er svært låge kostnader for å oppnå store miljøforebetringar i vassdraget.

Hovedformålet med vilkårsrevisjonen er å betre miljøforholda i regulerte vassdrag. Vi meiner såleis at miljøforbetringane av ei minstevassføring på strekninga

Kvanndalsvatn N til inntak Bruelva kraftverk langt overstig kostnadane med krafttapet (berre 1,6%), og at det såleis må vere sjølvstøtt at det vert innført krav til minstevassføring frå Kvanndalsvatn nord.

### **Nordal og Tverberg grunneigarlag**



Børre Tverberg  
Leiar

#### **VEDLEGG:**

1. Åmælavassdraget – krav om revidering av konsesjonsvilkår (datert 7.4.2020).  
Frå Nordal og Tverberg grunneigarlag.
2. Rapport frå NVEsynfaring 1.10.2019.

#### **KOPI:**

Vanylven kommune

Nordal og Tverberg grunneigarlag  
v/Bjørnar Osnes  
Nordal  
6140 Syvde

Vanylven kommune  
Rådhuset  
6143 Fiskåbygd

Syvde 7.4.2020

### ÅMELAVASSDRAGET – KRAV OM REVIDERING AV KONSESJONSVILKÅR

Det er i 2022 50 år sidan L/L Tussa Kraft fekk konsesjon til utbygging og regulering av Åmelavassdraget. Konsesjonsvilkåra kan difor no reviderast.

Nordal og Tverberg grunneigarlag krev endring av konsesjonsvilkåra, og vil ha krav til minstevassføring frå Kvanndalsvatn N til Nordalselva. Vi meiner dette er av stor allmenn interesse.

Krav om revisjon skal normalt fremjast av kommunane. Viser i den samanheng til brev frå NVE til Vanylven kommune datert 12.3.2020, der NVE ber om at kommunen innan 18.5.2020 melder attende til NVE om kommunen ønskjer å fremje revisjonskrav, med endeleg frist for innsending av kravet 3.8.2020.

Vi ber om at Vanylven kommune melder attende til NVE innan 18.5.2020 om at kommunen ønskjer å fremje revisjonskrav. Vi ber vidare om at kommunen, eventuelt i samarbeid med Volda kommune, koordinerer innkomne krav frå oss, andre grunneigarlag og eventuelt frå fleire interessentar, med sikte på å sende inn samla revisjonskrav innan 3.8.2020.

Vi krev minstevassføring frå Kvanndalsvatnet N. Bakgrunnen for dette er aukande attgroing i fjellvatna/vassdraget på grunn av liten vassgjennomstrauming. Dei siste åra har problemet med attgroing i vatna på Nordalsfjellet (Tjønna ved Kvanndalsvatnet, Sætrevatnet og Bruvatnet) vore sterkt aukande, og har no vorte eit stort problem for trivsel og bruk av området. Situasjonen vert karakterisert som ei lokal «økologisk katastrofe».

Det har dei siste åra nærast vore umogleg å drive fiske i Sætrevatnet, og tidlegare gode badeplassar er no ubrukelege.

Problemet er kraftig plantevekst på botnen av vatna som dannar lange stenglar heilt til overflata. Vi har vore i kontakt med Fylkesmannen, då det vart reist spørsmål om dette kunne vere vasspest eller noko liknande. Svaret derifrå er at dette er plantevekst som kjem av lite vassgjennomstrøyming.

Vi har teke opp problemet med Tussa Energi AS. Dette resulterte i eit miljøtilsyn frå NVE 1.10.2019 (rapport vedlagt), med slik vurdering/konklusjon frå NVE:

#### «NVE si vurdering

Som følge av at den naturlege vassføringa gjennom Nordalen er redusert er vassdraget si naturlege evne til å reinske opp elvar og vatn redusert. Vatna er prega av attgroing, særleg gjeld dette Lisse Kvanndalsvatn og Bruvatnet.

#### NVE sin konklusjon

Tussa Energi er som konsesjonær for Åmela kraftverk underlagt internkontrollforskrift for vassdragsanlegg (lk-vassdrag). Forskrifta sin §1 fastset krav om et «kontinuerlig forbedringsarbeid». Som tilsynsmynde føreset NVE at alle som har konsesjon til å bygge og drifte vassdragsanlegg har etablert eit internkontrollsystem som fremmar kontinuerleg forbetringsarbeid. Dette omfattar blant anna kartlegging av farer og problemområder som har samanheng med regulering, og etablering av tilsynsrutinar for å avdekke verknader av reguleringar med tilhøyrande tiltaksplanar. Med bakgrunn i dette skal Tussa Energi AS kartlegge tilstanden på strekkja frå Lisse Kvanndalsvatn til Bruvatnet med tanke på attgroing, og med bakgrunn i dette utarbeide ein tilhøyrande handlingsplan. Handlingsplanen skal sendast til NVE innan 01.03.2020, og Tussa Energi skal ta sikte på å gjennomføre eventuelle tiltak i løpet av sommaren 2020.»

Tussa Energi AS har ikkje utarbeidt ein slik handlingsplan innan fristen. Vi tolkar det som at det er vanskeleg å finne løysingar på problemet, andre enn auka vasstilførsel i vassdraget frå Kvanndalsvatn N.

Reguleringa av Kvanndalsvatnet har ført til vesentlege miljøulempar, langt større enn ein kunne forutsjå for 50 år sidan. Det er difor viktig at dette no vert retta på gjennom revidering av konsesjonsvilkåra og krav om minstevassføring frå Kvanndalsvatnet. Dette er av stor allmenn interesse, då Nordalsfjellet i svært aukande grad vert brukt til ulike former for rekreasjon og friluftsliv.

Eit anna moment som kan nemnast er at det no er bygd eit elvekraftverk i Bruelva mellom Bruvatnet og Nordalselva. Så eventuelt vassføring ut av Kvanndalsvatnet vil medføre auka vassføring og kraftproduksjon her.

Med helsing

#### **Nordal og Tverberg grunneigarlag**

For styret

Bjørnar Osnes, leiar

Vedlegg: Rapport frå NVE: «Rapport frå synfaring 01.10.2019 ved Lisse Kvandalsvatn, Sætrevatnet og Bruvatnet - Åmela kraftverk - Vanylven og Volda kommunar»

KOPI: Norges vassdrags- og energidirektorat, nve@nve.no



TUSSA ENERGI AS  
Langemyra 6  
6160 HOVDEBYGDA

Vår dato: 07.10.2019  
Vår ref.: 200804935-8

Arkiv: 317  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.: Svein Vassbotn/Knut Leira

Sakshandsamar:  
Randi Holme  
22959518/rho@nve.no

## Rapport frå synfaring 01.10.2019 ved Lisse Kvandalsvatn, Sætrevatnet og Bruvatnet - Åmela kraftverk - Vanylven og Volda kommunar

Vi viser til miljøtilsyn ved Lisse Kvandalsvatn, Sætrevatnet og Bruvatnet ved Åmela kraftverk 01.10.2019. Bakgrunnen for synfaringa er eit brev frå Nordal og Tverberg grunneigarlag, sjå vedlegg. I brevet er problem med attgroing i vatna på Nordalsfjellet, og moglegeheitene for eventuelle tiltak for å hindre dette teke opp.

**Deltakarar:** Frå Tussa Energi AS; Knut Leira og Svein Vassbotn, frå Nordal og Tverberg grunneigarlag; Bjørnar Osnes, Børre Tverberg, Thomas Landsverk, Geir Nordal og Steinar Arne Nordal, frå NVE; Randi Holme.

Det vart gjennomført synfaring ved Lisse Kvandalsvatn, Sætrevatnet og Bruvatnet i Nordalen, Syvde. Hovudtema for synfaringa:

- Attgroing i Lisse Kvandalsvatn, Sætrevatnet og Bruvatnet
- Gjennomføring av tiltak for å betre situasjonen

### Oppfølgingspunkt for Tussa Energi AS:

- Kartlegge tilstanden på strekkja frå Lisse Kvandalsvatn til Bruvatnet med tanke på attgroing og med bakgrunn i dette utarbeide ein tilhøyrande handlingsplan
- Handlingsplan skal sendast til NVE innan 01.03.2020

### Bakgrunn

Det vart gitt konsesjon til bygging og drift av Åmela kraftverk ved kgl.res. datert 16. juni 1972. Som del av utbygginga vart Kvandalsvatn etablert som magasin for Åmela kraftverk, og gjennom dette vart den naturlege vassføringa gjennom Nordalen i Syvde redusert.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Region Midt-Norge  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

Region Nord  
Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

Region Sør  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

Region Vest  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

Region Øst  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

### Aktuell situasjon i Lisse Kvanndalsvatn, Sætrevatnet og Bruvatnet

Lisse Kvanndalsvatn ligg like nedstrøms dam Kvanndalsvatn. Vatnet er sterkt prega av attgroing. Tussa Energi opplyste at det er svært sjeldan at der er overløp på demninga.



**Bilete 1:** Lisse Kvanndalsvatn ligg like nedstrøms dam Kvanndalsvatn og ber sterkt preg av å vere gjengrodd.

Sætrevatnet og Bruvatnet ligg like ved kvarandre med ei kort elvestrekkje mellom. Dei ligg i eit området med fleire hytter, og området er mykje brukt til friluftsliv. Der er fisk i vatna, og fiske og bading er aktivitetar som har vorte redusert dei siste åra på grunn av aukande attgroing. Attgroinga er særleg framtrekkjande i Bruvatnet. Sætrevatnet er noko større enn Bruvatnet, men også her er det i ferd med å gro att langs strendene og i enkelte område lenger ute i vatnet.

Under synfaringa vart mogelege tiltak for å betre situasjonen drøfta. Mekanisk fjerning av vegetasjonen er ønskeleg frå grunneigarane si side. Grunneigarane har utført mekanisk fjerning i Sætrevatnet på eige initiativ. Tussa Energi er positive til å planlege og gjennomføre tiltak som betrar situasjonen.



**Bilete 2:** I Sætrevtnet er attgroinga tiltakande, særleg langs vasskanten, men og i enkelte parti lenger ute i vatnet. Der er i ferd med å danne seg mindre øyar med vegetasjon i vatnet.



**Bilete 3:** Grasvekst i Sætedalsvatn.



**Bilete 4:** Bruvatnet er mindre enn Sætrevatnet, og her er attgroinga komen lenger enn i Sætrevatnet.

#### **NVE si vurdering**

Som følge av at den naturlege vassføringa gjennom Nordalen er redusert er vassdraget si naturlege evne til å reinske opp elvar og vatn redusert. Vatna er prega av attgroing, særleg gjeld dette Lisse Kvanndalsvatn og Bruvatnet.

#### **NVE sin konklusjon**

Tussa Energi er som konsesjonær for Åmela kraftverk underlagt internkontrollforskrift for vassdragsanlegg (Ik-vassdrag). Forskrifta sin §1 fastset krav om et «kontinuerlig forbedringsarbeid». Som tilsynsmynde føreset NVE at alle som har konsesjon til å bygge og drifte vassdragsanlegg har etablert eit internkontrollsystem som fremmar kontinuerleg forbedringsarbeid. Dette omfattar blant anna kartlegging av farer og problemområder som har samanheng med regulering, og etablering av tilsynsrutinar for å avdekke verknader av reguleringar med tilhøyrande tiltaksplanar.

Med bakgrunn i dette skal Tussa Energi AS kartlegge tilstanden på strekkja frå Lisse Kvanndalsvatn til Bruvatnet med tanke på attgroing, og med bakgrunn i dette utarbeide ein tilhøyrande handlingsplan. Handlingsplanen skal sendast til NVE innan 01.03.2020, og Tussa Energi skal ta sikte på å gjennomføre eventuelle tiltak i løpet av sommaren 2020.

Vi rår til at planen vert utarbeidd i dialog og samarbeid med Nordal og Tverberg grunneigarlag.

Med helsing

Mari Hegg Gundersen  
seksjonssjef

Randi Holme  
senioringeniør



*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Kopi til:

Bjørnar Osnes

Knut Leira

TUSSA ENERGI AS v/Svein Vassbotn

Vanylven kommune